

Årsmelding 2022/2023 - Gloppen ungdomsråd (GUR)



Medlemmar dette skuleåret:

Namn:	Reprenterer:
Nicolai Sandnes (Leiar)	4H-klubbane
Sunniva Befring (Nestleiar frå januar 2023)	Firda VGS
Ingeborg Henden Fridtun	Firda VGS
Lea Therese Viken Oppedal	Firda VGS
Ahmed Aleliwi	GU
Anneah Håheim	GU
Malene Henden Fridtun	GU
Olai Eikenes Osland	Hyen skule
Marte Ommedal	Hyen skule
Vara:	
Hannah Midtkandal	GU
Jens Ole Aske	GU
Hjalmar Humberst Lothe	GU
Tale Ommedal Teigland	Hyen skule
Johanna Louise Akse	Hyen skule
Ina Marie Bakke Halvorsen	Firda VGS
Ruben Dybendal Nordvik	Firda VGS
Nikolai Stave	Firda VGS



Bakerst: Anneah og Ahmed
Midten: Lea, Ingeborg, Marte og Malene
Fremst: Sunniva og Nicolai



Her har ungdomsrådet fått egne genserar, gjennom UngEng-prosjektet.

Møte i ungdomsrådet

Rådet har dette skuleåret hatt åtte møter i perioden oktober til juni. Eit møte i mars vart gjort om til arbeidsmøte då rådet ikkje var vedtaksført, elles har oppmøtet vore godt. Møta er rett etter skulen på fredagar kl. 14.15 til 17.00. Åslog Haugset frå plan, byggesak og oppmåling er sekretær for ungdomsrådet.

Ungdomsrådet har i skuleåret 2022/2023 uttalt seg, eller gjort vedtak i desse sakene:

- Landsbylaurdag og verdsdagen for psykisk helse 22. oktober 2022
- Korleis gjere BUA meir kjent
- Logo og genser
- Tilskot til oppfølging av Ungdata, utlysing og tildeling, haust og vår.
- Politisk organisering i Gloppen kommune 2023-2027
- Høyringsuttale om «En open og opplyst offentlig samtale»
- Lokal transportordning for ungdom
- Ungdom i kommunestyret
- Ungdomsrådet på SoMe
- Refleksdag på undomsskulane
- Politisk møteplass for ungdom
- Innkjøp til BUA haust 2022
- Helse og omsorgsplan tiltak barn, unge og familiar
- Midlar til leikeplass og snarveg i Furelia
- Prioriteringsliste spelemidlar 2023
- Planprogram for kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet
- Brev frå elevrådet ved Nordstranda skule om leksefri skule
- Deltaking på fylkesting for ungdom
- Val av leiar og nestleiar
- Plan for utbygging på Kleivedammen
- Bruk av lagerhall til padeltennis
- Førebyggande plan barn og unge
- Oppstart detaljregulering fylkesveg 615 Sandane-Gloppeelva
- Ungdom og rus
- Prosjektet «Ungdomsengasjement i Gloppen»
- Skuleopplegg om elevråd og ungdomsråd haust 2022 – evaluering
- Ungdata-dag i kinosalen, planlegging og evaluering
- Ungdommens kulturpris 2022, utlysing og tildeling
- Årsbudsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026
- Fordeling av kulturmidlar til barne- og ungdomsaktivitet
- Kunnskapsgrunnlag om helse og trivsel
- Innspel til kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet
- Skuleopplegg om engasjement blant unge haust 2023 - planlegging
- Årsmelding GUR 2022/2023

Ungdomsrådet har tatt opp desse sakene på eige initiativ:

- Når kjem Hyen skule?
- Heradsplassen er håplaus for folk i rullestol
- Trådlause ladestasjonar for mobil i sentrum
- Busstilbodet er for dårleg
- Trygg skuleveg frå Mardal
- Fart i 60-sona på Hestenesøyra
- Mørke gatelys i Gotavegen
- Dårlege vegar i Hyen

- Spent-kort for ungdom
- Det er viktig å bruke refleks
- Ungdomsrådet fordømmer angrepskrig i Ukraina
- Ungdomsinfluensar i Gloppen
- Prideflagga bør henge heile juni!
- Innkjøp av regnbogearmband og støtte til Amnesty
- Støtte til skeiv ungdom på instagramkontoen til GUR

Ungdomsrådet fått orientering om desse sakene:

- Velkommen i ungdomsrådet
- Planar om tursti og utbeta badeplass med universell utforming på Selvågane.
- Organisering av barnekoordinator i Gloppen kommune
- Fjord Waves sine planar om surfeanlegg.
- Nye Hyen skule
- Kvalitetsmelding skule
- "Laget rundt eleven"
- Kunnskapsgrunnlag helse og trivsel
- Ungdom og fritid – medverknadsverkstad
- Orientering frå Vestland Ungdomsråd om korleis dei jobbar med kollektivtilbod
- Treningslappen
- E-sport og gaming i skulen
- Status for gangveg Sandane – Fitje
- Frifond barn og unge
- Støtteordningar i Erasmus+
- Oppsummering frå innspelsmøte til kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 23. mai 2023
- Miljøfyrtårnsertifisering
- Den økonomiske situasjonen i kommunen

Opplæring

Dette skuleåret fekk alle elevane ved GU, ungdomstrinnet i Hyen og Firda VGS ein infotime rett etter skulestart om retten til medverknad, elevråd og ungdomsråd. Dette var ein del av UngEng-prosjektet, og elevane fekk ei innføring i kva ungdomsrådet er, kvifor vi har det og korleis dei jobbar. Resultatet var at fleire enn før hadde lyst å sitje i ungdomsrådet, og at dei som kom inn visste meir om kva dei gjekk til.

Ungdomsrådet har fått opplæring lokalt, i tillegg til ei felles samling på Eid i oktober med alle ungdomsråda i Nordfjord. Alle kommunalsjefane og kommunedirektøren har vore innom rådet og orientert om rolla si og aktuelle saker.

Talerett i kommunestyret

Ungdomsrådet har snakka til kommunestyret ein gong, det var då årsmeldinga for førre år vart lagt fram. I tillegg møtte leiar og nestleiar i oppvekstutvalet i mars, for å legge fram sak om ungdomsinfluensar og for å vere med på diskusjonen om leksefri skule som elevrådet ved Nordstranda skule tok opp. Dei blir også med i kommunestyret 14. juni for å seie kva ungdomsrådet meiner om ungdomsinfluensar, og for å leggje fram årsmeldinga for arbeidsåret 2022/2023

Andre oppgaver og representasjon

- Ina Halvorsen heldt appell på Verdsdagen for psykisk helse 22. oktober, på Heradsplassen
- Nicolai Sandnes var med på konferansen «Ungdom, medverknad og fritid» i Bergen 24.-25. oktober.
- Sunniva Befring har vore i nordisk ministerråd sitt hus i København på eit oppleg for ungdom der dei fekk høyre om ungdomssatsingar i Norden. Ho representerte ikkje ungdomsrådet der, men fekk med seg innspel frå rådet og orienterte om det etterpå.
- Nicolai Sandnes og Sunniva Befring var med då barne- og familieminister Kjersti Toppe besøkte BUA, og Sparebanken Vest dukka opp med ein sjekk på 50 000 kr til utstyr:



- Sunniva Befring hadde stand for BUA på 1-årsjubileet til Subben i april.
- Malene Henden Fridtun og Sunniva Befring var delegatar på fylkesting for ungdom i Bergen 14.-16. april 2023. Der vart det gjennomført val til Vestland Ungdomsråd.
- Nicolai Sandnes representerer GUR i referansegruppa for kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.